



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 20.09.2022 kl. 17:15-20:20

**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Karen Anny Espedal	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Terje Mork	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Stine Solheim Rørvik	Varamedlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem
Aud Kari Steinsland	Varamedlem

---

### Forfall:

Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Arnt Johny Langeland	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener Kyrkjeverje

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2022/35		Godkjenning av innkalling og dagsorden.	RUNE ZIENER
SR 2022/36		Godkjenning av protokoll frå møte 18.08.2022	RUNE ZIENER
FR 2022/37		Etablering av namna minnelund	RUNE ZIENER
FR 2022/38		Budsjett 2023 og økonomiplan 2024-2026	RUNE ZIENER
SR 2022/39		Ny gudstenestetid i Bulandet	RUNE ZIENER
SR 2022/40		Offerliste 03.10.2022-31.01.2023	RUNE ZIENER
FR 2022/41		Rehabilitering av Holmedal kyrkje - val av tilbod	RUNE ZIENER

Askvoll, 20.09.2022

Rune Ziener  
referent



---

## **SR 2022/35 Godkjenning av innkalling og dagsorden.**

### **UTGREIING**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre.

### **MØTEHANDSAMING**

Forslag sett fram om å ta sak 41 (som var lagt fram i møtet) før sak 38 til handsaming.

I tillegg var det drøftingssak oppe om Vilnes-prosjektet som vart lagt fram i møtet.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre, men med saksrekkefølge slik at sak 41 vert teken før sak 38, og at ein tok med drøfting i møtet om Vilnes saka, med følgjande presisering:

- a) Kyrkjeverja har fullmakt til at ventilasjonsanlegget vert kjøpt inn umiddelbart.
- b) Vi kjem tilbake til sak om økonomisk inndekking i seinare sak.
- c) Varsla ekstrakostnad, pr. dags dato på kr 179.250,- pluss gravemaskin/kranbil, vert bestridt overfor entreprenørar.

---

## **SR 2022/36 Godkjenning av protokoll frå møte 18.08.2022**

### **UTGREIING**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 18.08.2022.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 18.08.2022.

---

## FR 2022/37 Etablering av namna minnelund

### UTGREIING

Bakgrunn for saka

Kyrkjeverja er i møte 18.08.2022 bedt av soknerådet om å utgreie sak om namna minnelund på Askvoll kyrkjegard.

Dei nye gravfelta på utvida del av gravplassen er alle regulerte til ordinære kistegraver. 3 av 5 nye gravfelt er enno ikkje tekne i bruk, så ein har høve til å omregulere til minnelund, utan å gjere noko med eksisterande graver, om ein ønskjer dette.

Om minnelund

Det finst to ulike typar minnelund – namna og anonym:

Namna minnelund

Dette er ein felles minnelund som kan bestå både av kistegraver og urnegraver. Her kan ein ikkje ha noko privat gravminne på den enkelte grav, men ein kan ha namneplate på felles minnesmerke for heile gravfeltet (minnelunden). Det er ikkje noko i vegen for at gravplassering kan gjerast kjent i namna minnelund.

Ein kan også ha lokale bestemmelse om ulike former for feste av grav i namna minnelund, t.d. om det skal vere høve til å feste grav ved sida av grav som vert teken i bruk, uansett om dette er kiste- eller urnegrav.

På namna minnelund vil dei pårørande ikkje ha høve til å plante ved gravminnet, men fellesrådet (kyrkjegardsstyresmakt) vil stå for stell og planting, finansiert av dei som nyttar seg av tilbod om namneplate.

Anonym minnelund

Dette er mindre vanleg enn namna minnelund, og hovudforskjellen frå namna minnelund, er at her vil gravene si plassering kun vere kjent for kyrkjegardsstyresmaktene.

På anonym minnelund er det høve til å etablere eit felles minnesmerke som fellesrådet har stellansvar for, men dette vil vere utan namn.

### Vurdering

I Askvoll har ein eit godt høve no til å etablere ein minnelund, så lenge det er såpass mykje unytta areal på utvida del av kyrkjegarden.

Ei namna minnelund kan vere eit godt tilbod til pårørande som av ulike grunnar ikkje har høve til å stelle gravene til sine. Utan at det vert vist til konkret talmateriale, synest det for kyrkjeverja at gravlegging i minnelund vert stadig vanlegare, og stadig fleire minnelundar vert etablert.

Å ta i bruk namna minnelund framfor ordinære kistefelt har fleire fordelar, t.d.:

- Om ein får til ein auka kremasjonsprosent, vil ein ha ein betydeleg betre arealutnytting med urner i namna minnelund enn med ordinære kistegraver
  - Ein har eit tilbod til pårørande som av ulike grunnar ikkje kan stelle gravene
  - Ein treng ikkje kjøpe gravminne, men berre betale for namneplate og andel av kostnad til etablering og stell av fellesminne
  - For fellesrådet vil ein ha eit enklare plenvedlikehald med større grasareal utan gravminne
- Når det gjeld arealutnyttinga, er det slik at arealbehovet for kistegrav er på 1,5 x 3 meter. For urner i minnelund er det tilstrekkeleg med 0,5 x 0,5 meter. Det betyr at ein på same arealet som for ei ordinær kistegrav, vil ha plass til 18 urner.

For dei pårørande vil plass i namna minnelund normalt vere rimelegare enn ordinær kistegravlegging med gravminne. Eit vanleg gravminne kostar gjerne rundt kr 12.000,- og oppover, og gjeldande pris andre stader er i prisområdet kr 3.500,- til kr 10.000,- for gravlegging i minnelund og namneskilt på fellesminne i 20 år.

Hovudutfordringane for soknet vil vere å finne ei god og funksjonell plassering, slik at det vert etablert eit parkliknande område og få dette estetisk tiltrekkjande, slik at folk i framtida ser på gravlegging i urnelund som eit reelt alternativ til ordinær gravstad.

Askvoll sokn har også gjort grep for å legge til rette for auka kremasjonsandel, ved å innføre ordninga med at soknet refunderer kr 5.000,- av kremasjonskostnaden.

Dei to felta lengst aust (langs med Prestelva) er truleg det best eigna arealet for å etablere ein minnelund. Det som kan vere utfordrande er å velje ei god løysing for fellesminne som går godt inn i terrenget, samstundes som det ikkje tek opp for mykje gravareal.

Aktuelle felt for omregulering til urnefelt kan vere felt L eller I (sjå vedlegg).

Felt L er regulert til 28 kistegraver. Om dette vert omregulert til minnelund, vil ein ha arealmessig kapasitet til 504 urner.

Felt I er større, og har langt større kapasitet, men det vil truleg verte ei betre estetisk løysing å etablere ein minnelund i hjørnet mot nord-aust.

Om ein vel å gå for ein namna minnelund trengs det eit felles minnesmerke.

Minnesmerke andre plassar har svært ulik utforming og materialval. Kostnadmessig vil det derfor vere store variasjonar for å etablere minnelund. Truleg vil ein komme langt med kr 200.000-300.000,- for å få på plass eit høveleg minnesmerke.

I og med at det er høve til å finansiere etablering og stell av minnesmerke med sjølvkostprinsippet, bør ein også vurdere moglegheiten av å ta opp lån for å få etablert minnesmerke.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd ønskjer å etablere namna minnelund på utvida del av Askvoll kyrkjegard.
2. Felt L eller I er aktuelle til formålet, og ein vil ikkje ha gravleggingar her, før minnelund evt. er etablert.
3. Det vert oppnemnd ein ad hoc-komité i soknerådet som kjem med konkrete forslag om utforming og plassering. Komitéen er sett saman av \_\_\_\_\_.
4. Landskapsarkitekt vert evt. engasjert ved behov.

## **MØTEHANDSAMING**

Forslag sett fram i møtet om følgjande medlemmer i komitéen (utanom kyrkjevevja som sekretær):

- Ingvild Loftheim
- Wenche Ness Gabrielsen
- Jarle Magnus Vilnes

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd ønskjer å etablere namna minnelund på utvida del av Askvoll kyrkjegard.
2. Felt L eller I er aktuelle til formålet, og ein vil ikkje ha gravleggingar her, før minnelund evt. er etablert.
3. Det vert oppnemnd ein ad hoc-komité i soknerådet som kjem med konkrete forslag om utforming og plassering. Komitéen er sett saman av (utanom kyrkjevevja som sekretær):
  - Ingvild Loftheim
  - Wenche Ness Gabrielsen
  - Jarle Magnus Vilnes
4. Landskapsarkitekt vert evt. engasjert ved behov.

## FR 2022/38 Budsjett 2023 og økonomiplan 2024-2026

### UTGREIING

Kyrkjelege fellesråd og sokneråd skal etter økonomiforskriften § 6, kvart år vedta ein rullerande økonomiplan for dei neste fire åra. Planen skal mellom anna gi eit realistisk oversyn over:

- forventa inntekter og utgifter i perioden
- prioriterte oppgåver i perioden

Planen skal gi grunnlag for fastsetjinga av storleiken på kommunale drifts- og investeringstilskot. Det er sett frist til **17. oktober** for innmelding av behov til Askvoll kommune.

### DEL 1: Investeringar

Det er teke utgangspunkt i balansert budsjett i kommunen sitt vedtak frå 2021, som går fram til 2025.

Investeringar i perioden lagt inn der er:

	2023	2024	2025	2026
Holmedal kyrkje	1.500.000	1.500.000	1.500.000	0
Tak Askvoll kyrkje		1.500.000	1.400.000	0
Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard			0	0

Kommentar til prosjekta:

#### Rehabilitering Holmedal kyrkje:

Her bør det ligge inne 1,5 millionar årleg inntil rehabiliteringa av kyrkja er ferdig (jf. tidlegare signal frå kommuneleiinga).

Etter planen skulle ein ha gått i gang med prosjektdel 1 i 2022, men pr. i dag veit ein ikkje når det vert mogleg oppstart, sidan ein ventar på innkomne anbod.

Prosjektet vil måtte gå over fleire år.

#### Konsekvens ved manglande løyving:

Utsett restaurering fører til forverring av bygningstilstand og fordyra prosjekt. Fare for nedfall frå tak. Ikkje tilfredsstillande persontryggleik.

#### Tak Askvoll kyrkje:

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekka skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Tilstandsanalyse og utarbeiding av tiltaksplan/kalkyle er gjennomført i 2020, og det er tilrådd rehabiliteringsarbeider på kyrkjetaket innanfor ein 10-årsperiode.

Akasia, som har utført tilstandsanalysen, har oppdelt rehabiliteringsprosessen i delprosjekt i følgende prioriteringsplan:

Prio. 1:	Skipets takkonstruksjoner	2,9 millionar
Prio. 2:	Koret sine takkonstruksjonar	1,1 millionar
Prio. 3:	Tårnfotens skifertekking	2,3 millionar
Prio. 4:	Kobbertekking på tårn	0,3 millionar
	<b><u>Totalkost ekskl. MVA</u></b>	<b><u>6,6 millionar</u></b>

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at takstein løsnar, og ein står i fare for at det kan oppstå lekkasjeskadar i takkonstruksjonen. Vidare er det fare for personskade om takstein skulle løsne.

Kyrkjeorgelet i Holmedal kyrkje:

Utan at det påverkar kommunal løyving, bør Askvoll sokneråd også legge inn restaurasjon av orgelet i Holmedal kyrkje i 2025. Dette er ei utsetjing i forhold til tidlegare økonomiplan, då Riksantikvar og orgelbygger tilrår å vente med dette prosjektet til arbeid med bygningsrehabiliteringa er ferdig.

Det er inngått kontrakt med orgelbygger til dette prosjektet med oppstart i 2025.

Ein har kr 676.000,- i gåvemidlar til formålet sett i fond i tillegg til fondsmidlar til inventar i Holmedal kyrkje, mellom anna til orgel (kr 138.000,-).

**Tidlegare tiltak som er teke ut av gjeldande økonomiplan pga. omprioriteringar:**

Nytt servicebygg på Askvoll kyrkjegard:

Prosjektet har stått lenge i økonomiplanen, og sto i budsjettet 2020. Tildelt løyving i 2020 til prosjektet på kr 1,08 millionar er omdisponert til ferdigstilling av brannsikring og tilbygg Vilnes.

Truleg er tidlegare innlagt finansieringsbehov for lågt, då dette har vore eit stipulat som har lege inne i tidlegare økonomiplan i mange år. Antakeleg ligg reelle behov minst 50-60% over dette tidlegare estimatet. Stipulatet til eit slikt servicebygg er sett minst 1,7 millionar.

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Ein har ikkje tilfredsstillande lagerplass til maskinar, utstyr og materiell til gravplassane. Ein har ikkje tilfredsstillande pauserom/omkladningsfasilitetar til dei som arbeider på gravplassane.

Parkering Vilnes:

Tiltaket har vore inne i budsjett og økonomiplan fleire gonger, men teke ut igjen fordi ein ikkje har hatt ein konkret plan for gjennomføring.

Det er difor uråd å seie kva ny/utvida parkeringsplass vil koste.

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Ein har ikkje tilstrekkelege parkeringsmoglegheit ved kyrkja, sett opp mot totalbehovet.

### **Nye tiltak:**

#### Drenering Askvoll kyrkjegard:

Sidan november i fjor har ein vore kjent med at dreneringsløysinga på delar av utvida del av Askvoll kyrkjegard (frå 2016) ikkje fungerer som den skal. Hovudutfordringa her er at det er nytta for dårlege jordmassar, slik at naturleg drenering ned til steinlaget under gravnivå ikkje fungerer.

Det er avgjerande at ein no snarast får etablert eit fungerande dreneringssystem, for pr. i dag stettar ikkje gravfelte krava i lov og forskrift. Det er utarbeidd eit løysingsforslag, men dreneringsprosjektet er ikkje kostnadsrekna.

*I skrivande stund venter ein på eit kostnadsestimat, og dette vil verte lagt inn i planen så snart ein veit meir.*

#### Konsekvens ved manglande løyving:

Dei naturlege nedbrytingsprosessane som skal skje på ein gravplass, skjer ikkje i dag på delar av utvida del.

Grunnforholda på delar av gravplassen er ikkje i samsvar med krav i lov og forskrift.

#### Orgelet i Kvammen:

Det er i 2022 gjennomført befaring ved orgelbyggar på orgelet i Kvammen.

Orgelbyggar opplyser at orgelet er om lag 45 år gammalt, og konkluderer i sin rapport med at:

«Orgelet er per i dag begrenset brukbar og organisten må finne ut hvilken stemmer er eventuelt greitt å bruke. Dette vil også variere med årstider og luftfuktigheten i kapellet. For at man kan stemme orgelet, må skadene i vindladen repareres og motoren overhales!»

Orgelbyggar gjer eit forsiktig estimat på ca. kr 400.000,- for å setje dette i stand, men seier vidare at orgelet må demonterast og arbeidet må utførast på verkstad. Det er ikkje råd å sjå kor omfattande skadane er før dette vert demontert.

Imidlertid har det vorte gjort orgelfagleg vurdering av ei slik restaurering, og ein har konkludert med at det ikkje er tilrådeleg å ta denne jobben, men heller anskaffe eit nytt digitalt orgel.

Prismessig ligg eit høveleg orgel på om lag kr 400.000,-

#### Konsekvens ved manglande løyving:

Ein har ikkje eit fullt brukbart orgel og dette let seg ikkje stemme før reparasjonar er utført, eller ein anskaffer nytt orgel (som er soknerådet sitt primære ønskje).

#### Namna minnelund på Askvoll kyrkjegard:

Det er i soknerådsmøte i august 2022 reist spørsmål om ein kan anlegge namna minnelund på nye gravplassen i Askvoll. Saka er dels utgreidd i anna sak i dette møtet.

Namna minnelunder vert stadig meir utbredt og etterspurt på gravplassar i Norge, og hovudfordelane er at dei er svært arealbesparande m.o.t. gravareal, det krevst mindre vedlikehaldsressursar og dei pårørande får eit tilbod om gravminne der kyrkjegarden sine folk står for stell og vedlikehald utan eigne gravminne.



Ei namna minnelund vil sjølvstarkt variere veldig i kostnad, alt etter kor omfattande arbeidet med oppsett av felles minnesmerke og utforminga elles vert. Jf. anna sak, vil kyrkjeverja si tilråding vere at ein set i gang ein planleggingsprosess for ny minnelund, og korleis denne skal vere utforma. Det er her tilrådd at ein omregulerer eit av dei nye eksisterande gravfelta til minnelund, så ein vil i utgangspunktet berre ha kostnad til nytt fellesminnesmerke.

Ein kan ta utgangspunkt i ein kostnad her på kr 300.000,- og så gjere vurderingar og evt. justeringar etter kvart.

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Ein misser høvet til meir arealeffektiv bruk av delar av utvida del av kyrkjegarden. Ein vil ikkje ha eit utvida tilbod til pårørande som av ulike grunnar ikkje har høve til å stelle gravene sine.

### Investeringsbehov

På bakgrunn av ovanståande bør ein melde inn til Askvoll kommune slike behov for investeringstilskot i planperioden (nye tal/prosjekt er markert med feit skrift):

Ein kan også vurdere å legge inn nytt servicebygg Askvoll og ny parkeringsplass Vilnes i planforslaget.

	2023	2024	2025	2026
Holmedal kyrkje	1.500.000	1.500.000	1.500.000	
Tak Askvoll kyrkje	1.500.000	1.100.000	2.300.000	<b>300.000</b>
Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard				
Parkering Vilnes				
<b>Drenering Askvoll kyrkjegard</b>	?			
<b>Namna minnelund</b>		<b>300.000</b>		
<b>Orgelet i Kvammen</b>				<b>400.000</b>
Orgelet i Holmedal			0	
<u>Sum pr. år</u>	<b><u>3.000.000 + ?</u></b>	<b><u>2.900.000</u></b>	<b><u>3.800.000</u></b>	<b><u>700.000</u></b>

### DEL 2: Drift

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansierte og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

#### Kyrkjelydsarbeid

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn kommunalt driftstilskot, då primært statleg trusopplæringstilskot, kyrkjeofringar, gåver og eigenbetalingar) er det forutsett at det vert sett opp budsjett for 2023 i balanse.

## 1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

### 1.1.0 Utgifter

### 1.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå, frå 2022. Samla budsjettert utgift til lønn og sosiale utgifter for 2022 er kr 2.937.700,-. Her er lagt inn 3,5% lønnsvekst, og ein har forventa utgift på lønn og sosiale utgifter på kr 3.040.519,- avrunda til 3.041.000,-.

### 1.1.2 Kjøp av varer og tenester

Faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjør i forslaget kr 1.000.000,-, som er ei nominell vidareføring av førre planvedtak, men innrekna eit tillegg på kr 50.000,-, særleg som konsekvens av forventa høgre straumprisar, enn ein så føre seg ved førre budsjettvedtak, og ein har ikkje lenger den svært prisgunstige straumavtalen felles med kommunen som ein hadde til og med 2021. Fleire andre varer har i løpet av 2022 hatt ein betydeleg prisstiging.

Det er vidare føreslege brukt kr 150.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2023.

Nedanfor er eit førebels forslag til tiltak i VU-plan 2023.

(Forslaga under i VU-planen vil gå til endeleg vedtak i budsjettvedtak for 2023, og ein må sjå dette i samanheng med framdrift og kostnad i VU-plan 2023.)

<b>Førebels VU-plan 2023</b>	<b>Utgift</b>
Destruksjon/fjerning av gravminne	50 000
Leasingavtale plentraktor (årspris)	25 000
Fornyng PC-ar og kontormøblar kyrkjekontoret	25 000
Uføresett	50 000
<u>Sum</u>	<u>150 000</u>

Fleire tiltak kan verte teke inn i planen i samband med budsjettvedtak for 2023 finansiert med bruk av bundne fondsmidlar, t.d. musikk- og lydutstyr.

### 1.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 15.000,- til eigenkapitalinnskot.
- Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
- Refusjonar for leige av bedehuskapella med kr 60.000,-.

Totalt kr 95.000,-

## **1.2.0 Inntekter**

### **1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter**

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornyng.

#### *Festeavgift*

Det er registrert ca. 210 festeutløp i 2022, med tilbod om fornying i 2023. Dette er lågare enn talet for 2021, der det var om lag 40 fleire utløp.

Om ein framleis legg til grunn 80% fornyingsgrad av festa (altså 168 graver), vert stipulert for inntekt for festeavgift i 2023 sett til kr 230.000,- altså noko mindre enn budsjettert for 2022.

#### *Betaling for kyrkjelege tenester*

Med verknad frå mai 2021, har ein innført nokre nye betalingstenester knytt til kyrkjelege tenester. Det er speling før start (kr 250,-) og kyrkjemusikar si øving med solist (kr 400,-) som er nytt her, men ein ser så langt at dei aller fleste vel tilbodet om preludering ved gravferd.

Siste tre åra har ein hatt 33 kyrkjelege gravferdsremoniar i soknet, og ein kan då forvente ein årleg inntekt på ca. kr 8.000,- her.

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 6.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total eigeninntekt er sett til kr 247.000,-.

### **1.2.2 Refusjonar og overføringar**

Ingen forventa refusjonar og overføringar frå eksterne ut over kompensert MVA og evt. sjukelønnsrefusjon.

Ein legg til grunn kr 29.000,- i fondsfinansiering av ekstra stillingsdel til kyrkjemusikar.

### **1.2.3 Rammetilskot eigen kommune**

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunens sitt budsjetttrundskriv (2023), kr 4.017.000,- som er vidareført ramme frå 2022 med tillegg av kr 105.000,- i lønnsauke.

### **1.2.4 Andre tilskot og gåver**

Stipulert kr 10.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.

Tilskot rentekompensasjon for orgel er sett til kr 10.000,-

Nytt prosjekt «Musikkdiakoni i Askvoll» er innvilga tilskot på frå Bjørgvin bispedømme (gitt i 2022) og kr 80.000,- frå helse- og omsorgsetaten i Askvoll kommune gitt over 3 år.

Her er lagt inn kr 23.000,- i samla årleg tilskot pr. år.

Samla tilskot og gåver: kr 43.000,-

Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300 og 08900)		
	ØP 2023	ØP 2022
<i>Utgifter</i>		
Lønn og sosiale utgifter	3041000	3006000
Vare og tenestekjøp	1050000	1000000
VU-plan utanom fondsfinansierte tiltak	150000	150000
Refusjonar og overføringar	95000	95000
<i>Sum utgifter</i>	<u>4336000</u>	<u>4251000</u>
<i>Inntekter</i>		
Brukarbetaling, sal og avgifter	-247000	-256000
Refusjonar og overføringar	-29000	-10000
Rammetilskot eigen kommune	-4017000	-3912000
Andre tilskot og gåver	-43000	-73000
<i>Sum inntekter</i>	-4336000	-4251000
Differanse	<b>0</b>	<b>0</b>

## 2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil verte finansiert ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

I planforslaget vert det forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

Endeleg tal for dei enkelte tenestene vil verte utarbeidd i samband med endeleg budsjettvedtak for 2023.

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek førebels budsjett 2023 og økonomiplan 2024-2026 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

## MØTEHANDSAMING

### Vurderingsnotat til ØP-innstillinga frå kyrkjeverja (lagt fram i møtet)

Når det gjeld Holmedalprosjektet var det teke utgangspunkt i total ramme til prosjektet på om lag 7,5 millionar.

Etter innkomne tilbod 15. september, ser ein at ein (utanom allereie påløpne kostnader i 2022) vil ende opp med eit forventa investeringsbehov på om lag 5,2 millionar.

Disponibel rest etter 2022 vil vere om lag 2,8 millionar, og det er forventa inn kr 1,5 millionar i kommunalt tilskot i 2023 (jf. kommunen sin økonomiplan), altså totalt om lag 4,37 millionar disponibelt pr. 2023.

Ein kan sjå for seg å ta heile prosjektet i 2023 (og då mellom anna spare pengar på rigg og drift).

Heile oppført tilskot i tabellen og tidlegare økonomiplan 2025, og om lag halve i 2024 kan då utgå, om ein kan framskude andre halvdelan fram til 2023.

Ein kan sjå føre seg også å skyve på prosjektet med taket til Askvoll kyrkje eitt år fram i tid til 2024.

Endringsforslag frå kyrkjeverja lagt fram i møtet om nye tal i økonomiplanforslaget i investeringsdelen:

	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Holmedal kyrkje	2.250.000	0	0	
Tak Askvoll kyrkje		2.600.000	2.300.000	<b>300.000</b>
Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard				
Parkering Vilnes				
<b>Drenering Askvoll kyrkjegard</b>	<b>?</b>			
<b>Namna minnelund</b>		<b>300.000</b>		
<b>Orgelet i Kvammen</b>				<b>400.000</b>
Orgelet i Holmedal			0	
<u>Sum pr. år</u>	<b>2.250.000 + ?</b>	<b>2.900.000</b>	<u>2.300.000</u>	<b>700.000</b>

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek førebels budsjett 2023 og økonomiplan 2024-2026 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, med den endringa som vart lagt fram i møtet i vurderingsnotatet.

---

## **SR 2022/39 Ny gudstenestetid i Bulandet**

### **UTGREIING**

Viser til vedlagde skriv frå soknepresten med ønskje om å endre fast gudstenestetid i Bulandet frå kl. 10.30 til kl. 10.15.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd stiller seg bak vurderingane og forslaget frå soknepresten om å endre fast gudstenestetid til kl. 10.15.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd stiller seg bak vurderingane og forslaget frå soknepresten om å endre fast gudstenestetid til kl. 10.15.

## SR 2022/40 Offerliste 03.10.2022-31.01.2023

### UTGREIING

Vedteke offerliste gjeld t.o.m. 02. oktober 2022. Ein bør vedta offerliste for ei ny periode. Kyrkjelydsutvala har fått kort frist på innspel før vedtak i soknerådet, men vonleg vil forslag ligge føre til soknerådsmøtet frå alle. Gudstenestelista t.o.m. 31. januar 2023 er fastsett.

Innkomne forslag før og i møtet er sett inn i oversikta nedanfor:

Kirke	Dato	Tid	Offerformål
Askvoll kyrkje	16.10.2022	17:00	Institutt for sjelesorg. Modum Bad
Askvoll kyrkje	04.11.2022	20:00	Laurdagsklubben i Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	06.11.2022	18:00	Ikkje offer
Askvoll kyrkje	27.11.2022	18:00	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	11.12.2022	11:00	Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet
Askvoll kyrkje	24.12.2022	16:00	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	31.12.2022	16:00	Askvoll kyrje
Askvoll kyrkje	15.01.2023	11:00	Redd Barna
Bulandet kapell	20.10.2022	17:00	Kyrkjelydsarbeid
Bulandet kapell	06.11.2022	10:30	Indremisjonsforbundet
Bulandet kapell	04.12.2022	10:30	Kirkens SOS i Bjørgvin
Bulandet kapell	25.12.2022	13:00	Kirkens Nødhjelp
Bulandet kapell	29.01.2023	10:30	
Holmedal kyrkje	23.10.2022	11:00	Det Norske Misjonsselskap
Holmedal kyrkje	20.11.2022	19:00	Kyrkjeblad for Askvoll
Holmedal kyrkje	04.12.2022	15:00	Holmedal kyrkje
Holmedal kyrkje	24.12.2022	14:00	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	01.01.2023	15:00	Holmedal bedehus
Holmedal kyrkje	22.01.2023	11:00	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Kvammen kapell	16.10.2022	11:00	TV-aksjonen Redd Barna
Kvammen kapell	13.11.2022	19:00	Det Norske Bibelselskap
Kvammen kapell	11.12.2022	19:00	Kvammen kapell
Kvammen kapell	24.12.2022	14:00	Kirkens Nødhjelp
Kvammen kapell	15.01.2023	19:00	Norsk Luthersk Misjonssamband
Stongfjorden kapell	25.12.2022	17:00	Kirkens Nødhjelp
Vilnes kyrkje	02.10.2022	18:00	Kyrkjeblad for Askvoll
Vilnes kyrkje	27.11.2022	15:00	Vilnes kyrkje
Vilnes kyrkje	24.12.2022	11:30	Kirkens Nødhjelp
Vilnes kyrkje	22.01.2023	13:30	Kyrkjelydsarbeidet

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 03.10.22-31.01.23 som føreslege i vedlagte gudstenesteliste, samt dei forslag som kom inn i møtet.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 03.10.22-31.01.23 som føreslege i vedlagte gudstenesteliste, samt dei forslag som kom inn i møtet.

## FR 2022/41 Rehabilitering av Holmedal kyrkje - val av tilbud

### UTGREIING

SWECO AS har gjennomført tilbodskonkurransen for heile (alle tre delprosjekta) rehabiliteringsprosjektet på Holmedal kyrkje.

Ved første utlysning før sommaren kom det ikkje inn nokre anbod, og ein enda altså opp med ein såkalla «mislukka konkurranse». Ein sto derfor etter anbodsregler frie til å gå rett på moglege tilbydarar.

Det vart sett ny tilbodsfrist 15. august, som vart forlenga til 15. september etter ønske frå tilbydarar.

Det vart levert to tilbod innan fristen:

#### Jølster Bilelag AS:

Bygning Del 1	Kr 3 874 390,-
Bygning Del 2	Kr 1 972 445,-
Bygning Del 3	Kr 170 000,-
Evt. takrenner og takfotbeslag i kobber	Kr 405 000,-
<u>Sum ekskl. MVA</u>	<u>Kr 6 421 835,-</u>

#### Froan AS:

Bygning Del 1	Kr 2 632 167,-
Bygning Del 2	Kr 1 935 033,-
Bygning Del 3	Kr 255 000,-
<u>Sum ekskl. MVA</u>	<u>Kr 4 822 200,-</u>

SWECO AS har hatt tilbodsevaluering, og konkluderer med følgjande:

#### Tildeling for utføring av restaurering Holmedal kyrkje

Det er mottatt tilbod frå Nedre Jølster Bilelag AS og Froan AS. Begge har levert nødvendig informasjon iht kvalifikasjonskrav.

Basert på vurdering av pris, kvalitet og gjennomføringsevne kom Froan AS totalt sett best ut.

Selskap	Poeng
Froan AS	100
Nedre Jølster Bilelag AS	60



## Økonomi for utføringsfase.

Økonomi oppstilling basert på tilbud til Froan AS, arbeid som bør utførast i lag (del oppgåve 1 og 2).

	Priser	Kommentar
Fastpris Froan AS	kr 4 822 200	
Bytte til aluminium takrenne	-kr 300 000	Det er tenkt kobbar, men vil bytte til aluminium Må ha godkjenning frå riksantikvaren, prisen er stipulert.
Usikker	kr 482 220	antatt 10% risiko
Konsulent kostnad	kr 150 000	Stipulert
Utsetting av del oppgåve 3	-kr 255 000	Utsettast til 2024, men om mogleg utførast i 2023
	<b>Sum kr 4 899 420</b>	

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vel innkomne tilbud frå Froan AS i samsvar med tilråding frå SWECO AS.
2. Ein arbeider for å få godkjenning på å nytte aluminiumsrenner i staden for koparrenner, for å halde prosjektkostnaden nede.
3. Ein tek nødvendige atterhald i kontraktsinngåinga, slik at ein er sikra budsjettdekning for inngåtte kontraktar.

## MØTEHANDSAMING

### VEDTAK MED 9 MOT 1 RØYSTER

1. Askvoll sokneråd vel innkomne tilbud frå Froan AS i samsvar med tilråding frå SWECO AS.
2. Ein arbeider for å få godkjenning på å nytte aluminiumsrenner i staden for koparrenner, for å halde prosjektkostnaden nede.
3. Ein tek nødvendige atterhald i kontraktsinngåinga, slik at ein er sikra budsjettdekning for inngåtte kontraktar.